

## **Årsmelding Allidrett – Barneidretten Ørsta IL for sesongen 2018/2019**

Barneidretten i Ørst IL, allidretten, gjeld for barn frå 4 til 6år. Påmelding vart annonsert gjennom ØIL allidrett sine sider og oppslag i barnehagane i sentrum. Elles blir facebook (både open ØIL Allidrett side og lukka grupper) brukt flittig som informasjonskanal.

Alle gruppene har hatt si faste treningstid enten på Vikemarka eller i Ørstahallen, samtidig har vi også hatt fokus på å nytte ulike uteområdet; som Daleteigane og ulike akebakkar rundt om, når det har vore blant anna flott vinterver. Ein del av allidretten er å legge til rette for motorisk utforsking, rørslelede og meistring, både inne og ute.

Leiarane på dei ulike gruppene i allidretten har felles treffpunkt for ideutveksling før sesongstart og ein gong til i løpet av sesongen.

### **4-åringane:**

Desse har øktene sine i gymsalen på Vikemarka skule. Denne sesongen har det vore 2 grupper, totalt ca 35 barn. Kvar gruppe har hatt nokre ansvarlege vaksne, mens ansvaret for den enkelte økta har gått på omgang i foreldregruppa. Enkelte foreldre har nok vore meir aktive enn andre.

### **5-åringane:**

Det har vore 2 grupper med 5-åringar, totalt ca 40 stk. Dei har også øktene i gymsalen på Vikemarka skule. Eine gruppa har hatt ansvarlege vaksne som fast har leia aktivitetane, mens den andre gruppa har hatt ansvaret på omgang i gruppa. Begge deler fungert veldig bra.

### **6-åringane:**

Dei har Ørstahallen måndagar kl. 17 og frå februar av nye Ørstahallen. Siste året på allidrett er noko annleis organisert, då dei er innom om lag alle idrettane Ørsta Idrettslag tilbyr. Det er då i utgangspunktet særiddrettane sitt ansvar med å stille med både trenarar og utstyr til den enkelte aktiviteten. Allidretten bidrar sjølvstilt med det ein har. Enkelte idrettar har vore veldig dyktige over tid til å stille med trenarar for Allidretten, mens andre har vore mindre flinke til å få dette til, av fleire ulike årsaker. Totalt har det i år vore med ca 35 barn på 6års gruppa.

Foreldre er på alle gruppene ein viktig bidragsytar for at aktivitetane skal finne stad, og det har vore lagt ned eit godt arbeid i forhold til retningslinjer og forventningar ein har til både foreldre og barn under øktene.

Totalt i år har det vore om lag 105 barn i Allidretten.

### **Økonomi:**

Økonomien i gruppa er god, og det er behov for meir investeringar i forhold til utstyr, både ballar og diverse balanseutstyr, små mål etc er viktig å ha. Det er også i nye Ørstahallen som det var i gamle, begrensa tilgang med utstyr. Inntektsgrunnlaget til allidretten er ukjent, då allidretten er eit gratis tilbod ØIL skal ha. Vi gir ut informasjon til alle som er med ang betaling, men veit pr i dag ikkje kor

mange som betaler medlemskap til ØIL merka Allidrett. Samtidig er også barneidretten gratis, slik at det er frivillig å betale.

**Plan vidare for Allidretten:**

Vidare systematisere arbeidet i barneidretten, med godt samarbeid med alle særiddrettane i laget. Sikre idrettsglede og rørsleglede i det arbeidet som blir gjort, slik at alle barna får bruke Allidretten som ein arena til utforsking av sine eigne ferdigheiter. Viktig å få halde fram å vere på Vikemarka for dei minste; dei har behov for mindre rammer rundt sine aktivitetar.